


Koronavaksine for ungdom 12-15 år

Kort informasjon frå Folkehelseinstituttet om vaksine mot koronasjukdom covid-19




Koronasjukdom

Ungdom får oftast mild koronasjukdom.

Nokre få kan verte alvorleg sjuke.

Vaksine beskyttar mot alvorleg koronasjukdom.



Om vaksininga

Det er frivillig å ta vaksine.


Dine føresette må vere einige.

Ungdom 12-15 år får 1 dose.

Dei av dykk som har hatt korona, treng ikkje vaksine.

Vaksinen vert satt med sprøyte i overarmen.

Sei frå om du er redd for sprøytar så den som vaksinera kan ta ekstra omsyn.



Kor godt verkar vaksinen?

Ungdom får god beskyttelse mot alvorleg koronasjukdom 3 veke etter 1 dose.


Følj smittevernråda sjølv om du er vaksinert.



Korleis verker vaksinen?

Vaksinen lærer kroppen å kjenne igjen koronaviruset og å beskytte deg mot sjukdom.

Kroppen hugsar korleis den kan forsvare deg mot viruset.



Vanlege biverknad er

- Vondt på stikkstaden
- Trøttheit
- Hovudverk
- Vondt i kroppen
- Frysningar og feber

Desse biverknadene er ubehagelege og ofte kraftigare enn etter andre vaksiner, men går over etter få dagar.



Uvanlege biverknader

Alvorlege biverknader er svært sjeldan.

Sjeldne biverknader som allergiske reaksjonar og hjartebetennelse kan behandlast om dei oppstår.

Vi følgjer nøye med på om det skulle oppstå ukjente biverknader.

Kontakt lege, helsesjukepleiar eller anna helsepersonell om du får uvanlege, kraftige eller langvarige symptom etter vaksinasjon.



[Last ned samtykkeskjema her](#)

Vaksinasjon av ungdom 12-15 år må godkjennast av føresette.

Sjekk nettsidene til kommunen din for korleis du kan få time. Det er heilt gratis. Les meir om koronavaksine på fhi.no/kvp